

FLORA TURLAG

ÅRSMELDING 2018



Flora Turlag (FT) er tilslutta Sogn og Fjordane Turlag (SFT) som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforening (DNT). Flora Turlag sitt medlemsområde er Flora kommune, og utøvar sitt arbeid i Flora kommune og til liggjande fjellområde.

Formålet er å være den leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig, og naturvennleg friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Flora Turlag har 4 ubetjente hytter. Det betyr at dei er utan proviant men er utstyrt med dyner, puter og kokeutstyr.

Flora Turlag arrangerer fellesturar og kurs.

Turlaget legg og til rette for merking av nokre turområder, samt til våre hytter.

Flora Turlag gir uttale i naturvernsaker og til kommunale planar.

STYRET 2018


Leiar:	Siv Merete Stadheim – (på val)
Nestleiar/Styremedlem:	Elisabeth Solheim – (ikkje på val)
Styremedlem:	Sara Marie Ytreøy – (på val)
Styremedlem:	Anders Myklebust – (ikkje på val)
Styremedlem:	Arnfrid Bergheim – (ikkje på val)
Kasserar:	Ane Eliassen – (på val)
Varamedlem:	Per Vidar Ottesen – (på val)
Varamedlem:	Ronny Berg – (på val)
Revisor:	Anne Karin Hamn Vassby – (på val)
Valnemnd:	Dag Eliassen – (på val)
	Heidi Humlestøl Aasen – (på val)
	Sissel Strømmen – (ikkje på val)

MEDLEMSUTVIKLING

Medlemstal per 16.10.2018: **933**

Nøyaktig same tall som i 2017.

Medlemmar	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Hovudmedlemmer	374	380	360	372	341	311	300	290	271	245	224
Husstandsmedlemmer	111	57	115	127	112	103	93	88	70	62	62
Student-/skolemedlemmer	33	40	38	42	37	33	35	37	11	29	17
Honnørmedlemmer	80	74	62	50	45	42	39	34	32	18	14
Barnemedlemmer	50	69	61	75	63	44	51	46	39	33	27
Livsvarige medlemmer	5	5	6	6	6	7	7	7	7	6	6
Familemedlemmer	67	120	28								
Familie - husstadsmedlemmer	213	188	95								
Totalt	933	933	765	672	604	540	525	502	456	393	350



Vi har 2 æresmedlemmar: Astrid Breiland Eliassen og Kjartan Tveranger.

MØTER / STYREARBEID

Styret har hatt 6 møter, og hovedfokuset har vore å jobbe i tråd med handlingsplanen som årsmøte godkjente for 2018.

Styret har i dette året jobba ein del med oppfølging av hyttestrategien som årsmøte vedtok. Hytta i Grytadalen stengte styret pga av klage på tilstand frå besøkjande. Det har vorte gjennomført ein kartlegging av vedlikehaldsbehovet for alle hyttene i porteføljen. 1.november vart det gjennomført eit opent hyttemøte. Tema på møte var oppfølging av hyttestrategi, gjennomgang av vedlikehaldsbehovet samt korleis få fleire frivillige til å bidra med systematisk dugnad på bygningsmassen. Referat frå hyttemøtet finn ein på turlaget sine heimesider.

Årsmøte vedtok og at ein skulle førebu ein revisjon av turlaget si lagslov. Styre har utarbeida eit nytt forslag som vert lagt fram til høyring før vedtakssak på årsmøte 2018.

Styret har fått ein gjennomgang av lavterskeltilbodet. Turleiarane som har ansvar for lavterskelgruppa ynskjer ei ny organisering.. Dei opplev at integreringa ikkje er god nok og at det er for krevjande å drifte lågterskelgruppa aleine. Styret vedtok at ei eiga gruppe skal sjå på korleis lavterskeltilbodet skal organiserast vidare.

I 2017 starta turlaget opp aktivitet med kajakkpadling som ettermiddagsturar. Dette vart eit populært tilbod og det kom fram ynskjer om at turlaget burde ha kajakkar til utlån. Ein ser og at denne aktiviteten trekker til seg ungdommar. Turlaget søkte midlar til prosjektet og Sparebanken Sogn og Fjorden innvilga heile 100.000 kr. Desse midlane vart nytta til 6 stk kajakkar med utstyr samt ein hengar til frakt av kajakkar. Seinare fekk vi 25.000 kr frå Marine Harvest til same prosjektet.



Kurs / temasamlingar:

Turleiarsamling med tema Turleiarrolla ved Vigdis Flaten Kvamme leiar av Kurs- og Fjellsport Sogn og Fjordane turlag.

Førstehjelpskurs for turleiarane i regi Flora Røde Kors.

Nærturleiararkurs og vi har no fått **6 nye turleiarar** til å leie kortare dagsturar i områder dei er lokalkjent i.

Sogn og Fjordane Turlag:

Årsmøtet Sogn og Fjordane Turlag på Skei: Siv Merete Stadheim, Elisabeth Solheim og Arnfrid Bergheim.

TURAR / PROFILERING / AKTIVITETAR

	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Totalt tal avvikla turar/arrangement inkl. BT-turar og tysdags- og onsdagsturur	114	104	107	109	136	91
Av disse gjennomført	22	13	13	11	47	18
• Helgeturar/andre arrangement/OPPTUR	(8 avlyst)	(9 avlyst)	(12 avlyst)	(8 avlyst)	(15 avlyst)	(8 avlyst)
• BT arrangement	5	6	9	14	10	9
		(4 avlyst)	(1 avlyst)			(1 avlyst)
• Lavterskelturar	10	19	11			
	(2 avlyst)					
• Tysdags- og onsdagsturur	27	22	33	40	39	42
	(4 avlyst)	(1 avlyst)	(9 avlyst)	(2 avlyst)	(3 avlyst)	(5 avlyst)
• Torsdagsturur (Senior)	39	38	39	40	37	18
		(1 avlyst)				
• FHF turar/kurs/arr/kajakk*	11	6	2	4	21	4
	(5 avlyst)	(4 avlyst)				
• Deltakarar:						
Vaksne helgaturar/BT	365	452	201	172	554/46	188/429
Lavterskelturar	100**	205	255			
BT – Barnas Turlag	500	194	1010	1175	1150 b/v*	15/447
OPPTUR	155	160	160	170	170	170
Tysdags- og onsdagsturur	252	222	370	368	405	453
			(derav 13 barn)	(derav 7 barn)	(7 barn)	(14 barn)
Torsdagsturur (Senior)	475	405	357	344	274	126
FHF / Kajakk*	100	101	9	21	21	31
Totalt	1947	1739	2362	2250	2627	1873

*Kajakkturar teke med under FHF frå 2017

** inkl deltakarane «Til topps Galdhøpiggen»

Turane/arrangementa har som vanleg vore med i SFT sitt Turprogram som vert sendt til heile fylket i februar, inkl BT arrangement og FHF arrangement (utanom tysdags-, onsdag- og torsdagsturur). Turane har vore gjort kjent på [heimesida til Flora Turlag](#) samt via Facebook. Kvar veke vert det sendt ut e-post om den kommande veka sin aktivitet. Det har vore jobba svært systematisk med å legge ut kort rapport og eit par bilde i etterkant av gjennomført tur. Dette er eit svært viktig arbeid for synleggjering og inkludering!

Flora Turlag var og omtalt i turavisa til Sogn og Fjordane Turlag som også går til alle husstandar i Sogn og Fjordane.

Barnas Turlag:

I år har BT hatt arrangement i samband med Paviljongens dag. Der var det song ved barnekoret Jomentum samt natursti i nærområdet. Vidare var BT med på Hovdendagen og Kinn i samband med Kinnaspelet.

Kom Deg Ut dagar- BT:

Kom Deg Ut dagen var eitt fellesarrangement med BT i Naustdal samt frivillighetssentralen i Flora. Her var det skileik ved Instedalen skianlegg, Naustdal.



Kom Deg Ut dagen – vinter.

Vart avlyst i 2018. Planen var å samarbeide med Flora Kommune til åpning av Dagsturhytta på Fløgen. Denne vart ikkje ferdigstilt og arrangementet vart utsatt.

Kom Deg Ut dagen – haust.

Vart avlyst i 2018 på grunn av ugunstig vær. Øyane Over for andre gong i år i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag

Opptur:

Flora Turlag og DNT skipa for 13. gong OPPTUR for 8. klassingar. Det var 155 elevar på Brandsøyåsen denne dagen.

Flora Vidaregåande skule klasse 2 IDA hadde aktivitet og Støvelkast konkurranse ved Storevatnet. Storskulen ved Torvmyrane skule delte ut frukt ved skulen og Arrangementsansvarleg alle desse 13 åra er Astrid Breiland Eliassen.



Lavterskelturar:

Den første lavterskelturen var onsdag 18.april og siste tur var onsdag 27. juni, totalt 10 turar på programmet. Oppmøtestad var som tidlegare på Idrettssenteret (Florø Kai på turen til Kinn). 2 turar vart avlyst pga. få påmelde, ein av desse var til Reksta som var ein fellestur saman med den vanlege onsdags- turen til Flora Turlag. Som i fjor som i år så har det vore gratis å vere med på lavterskelturane og ingen krav om å vere medlem i Flora Turlag eller Flora Røde Kors for å delta.

Deltakarane på Lavterskelturane har vore frå 16 år, men i hovudsak vaksne, frå Norge, Polen, Thailand, Chile, Afganistan, Irak, Eritrea, Sri Lanka og Kirgistan. Dei norske som har deltatt har i hovudsak vore frivillige turleiarar, i tillegg til eit par-tre norske andre turgåarar. Det er få asylsøkarar og mindre busetting av innvandrar i Florø dette året og dermed også færre deltakarar på Lavterskelturane enn tidlegare. Totalt 78 deltakarar var med på Lavterskelturane i 2018.

Det har vore veldig kjekke og sosiale turar der alle har kjent på den ekte turgleda ☺

Turleiarar for lavterskelturane har vore Siri Laquian Stavang, Lisbeth Ingvaldsen, Siri S. Jansen, Arnt Harry Hellevang og Alvdís Solvang. I tillegg har Ramatullah Uzback vore ein viktig bidragsytar på turane, både som deltakar og som medhjelpar.

På turen til Galdhøpiggen, i regi av Røde Kors den 29.-30. juni var det med 22 deltakarar frå Florø, inkludert frivillige. Siri Stavang ved Flora Frivilligsentral hadde hovudansvar for det administrative i forkant av turen. På sjølve turen deltok Lisbeth Ingvaldsen som frivillig hovudeturleiar og ho hadde også med seg Siri S. Jansen, Alvdís Solvang, Arnt Harry Hellevang, Gro Haugnes og Ramatulla Uzbak som frivillige turleiarar. Av dei 22 var det 20 personar som gjekk til toppen av Galdhøpiggen i solsteike. Ein svært vellukka tur med glade deltakarar.

Tysdags- og onsdagsturar:

I år som i fjord var det arrangert ein tur i veka. Tysdags- og onsdagsturar på ettermiddagen vekselsvis frå mai til september. Nokre av turane har vore tematurar. Flest deltakarar hadde turen til Hovden med 33 personar og Sunndalsstølen med 20 personar. Signe Nordvik, Astrid Breiland Eliassen og Marit Linda Espeseth har hatt ansvaret for midtveketurane i år.



Torsdagstur / Seniorgruppa:

Dette tilbodet er for dei som har moglegheit til å gå på tur på dagtid. Denne aktiviteten har vore svært populær også i 2018. Heile **475 personar** har vore med på tur i år! Det har vert arrangert **39 turar** og turmålet vert bestemt same dag. Torsdagstilbudet har hatt sin aktivitet i 5 år. Gruppa følgjer skuleåret for sin aktivitet. Turleiarar for gruppa: Trygve Nybø, Astrid Breiland Eliassen, Arnfrid Bergheim og Hilde Bjerck Reksten.



Flora Hav og fjellsportsgruppa:

Turane våre i år har vært delvis vellukka. I vinter var det mykje snø, men også mykje vær. Det er ein del av HMS-arbeidet å vurdere om været set stoppar for turane og det skjedde på turen til Egga. Når det gjeld isklatinga så hadde vi med fullt utstyr for arrangementet til fossen ved Svarthumlevatnet for å gjere alt klart. Dessverre var isen, som såg fin ut sett frå vegen, alt for dårleg og vi måtte avlyse.

Padlesesongen var veldig bra. I tillegg til lavterskeltilbudet hadde vi ein langtur og to kurs Begge kursa var grunnkurs hav.



Kajakkgruppe:

Tal turar: 6 stk

Tal deltakarar totalt: 80 stk

I år blei det 6 turar. I høst måtte vi avlyse dei 2 siste turane pga dårleg vær. Vi har vore frå 8 til 20 deltakarar. Totalt 80 stk har vore med på tur. Vi har hatt fine turar i nærområdet til Florø. Både nordover til Naustholmen, sørover til Sørstrand, rundtur rundt Florølandet og ein tur med kajakkane til Brandsøy der vi padla rundt Grønenga. Vi har hatt fine sommarturar i sol, men og i regn og mykje vind. Dessverre blei sesongen litt kort med siste tur 29. august, etter det har ikkje været vore på vår side på dei oppsette turdagane.

Ansvar for turane: Kari-Anne Melvær Strømmen, Tine Marlen Kroppan Holvik og Kjetil Høidal.



Helgeturar:

Det vart eit breitt tilbod på helgeturar. Ski-, måneskinn samt fotturar til ulike turmål i kommunen. Klassikaren Øyande over, som og i år var eit samarbeid med IST, samla heile 117 deltakarar. Ein ser og at Hovden-dagen samt sol i Kinnaklova er populære tilbod med over 55 deltakarar på begge arrangementet.

Sikkerheit:

Det er registrert ein personskaade på turane i 2018. Hendinga vart handtert i tråd med turlaget sine retningslinjer.

Det er utarbeida beredskapsplanar for Flora Turlag, og denne vart revidert i 2018.

Merkenemd:

Astrid Breiland Eliassen, Dag Eliassen og Jofrid Sundal

Det er ikkje gjort vedlikehald på løypene:

- Årebrot – Grytadal
- Grønndalen - Blåbrebu

Det er i samarbeid med Flora Kommune sett opp nye informasjonstavler ved Omsorgssenteret, Torvmyrane og Brandsøy parkering.

I tillegg ei infotavle i Storeåsen som viser namnet på øyane ein ser derifrå.

Stien frå Hope til Lavesteinen er utbetra. Dette arbeidet er utført i regi av Ålfotbreen verneområde.



Turbøker

Turlaget har 15 turbøker plassert i kasser sponsa av lokalt næringsliv.

Brandsøyåsen – er det best besøkte turmålet med ca 44 000. Dette er ein liten nedgang frå 2017 men det reelle talet er noko høgare då ikkje alle skriv seg i boka. Vidare ser ein at Hovlandsstølen i Eikefjord og Hatlesetnipa er eit godt nytta turmål. Totalt sett er det ein nedgang i besøkstalet på desse turmåla i 2018 i høve talla i 2017. Ein svært våt seinsommar og haust kan vere noko av årsaka.

Turbøker	Antall 2018	Antall 2017	Antall 2016	Antall 2015	Antall 2014
Brandsøyåsen	43 936	45531	48505	39 980	34 846
Terdalskeipen	886	904	675	809	685
Haukånipa	215	226	185	185	334
Klauekeipen	252	356	227	297	297
Hatlesetnipa	2 729	2911	2 591	2 454	2 657
Slettevarden	321	46	102	143	109
Batalden	612	894	703	603	672
Uførefjellet	875	1165	420	894	1 443
Middagsnipa	102	132	102	63	17
Snøfjellet	32	83	77	105	105
Hovlandsstølen	3056	4081	4 204	3 528	5 130
Stølsvatnet	110		136	188	
Høydalsnipa	275		307	216	216
Flatenipa	142	127	153	138	171
Endestadnipa	244	146	186	177	134
Totalt	53787	56958	58573	49 780	46 816

Turtrimmen

Turtrimmen er eit samarbeid med Flora Kommune.

Ein kan registrere seg på DNT sin mobilapp SjekkUt på alle dei 15 turmåla i Turtrimmen eller levere inn skjema til Flora kommune. Turmåla varierer rundt i kommunen på land og på øyane. 41 vaksne og 6 born, totalt 47 stk leverte inn utfylt skjema og alle får utdelt krus med «Turtrimmen» 2018.

Samarbeid

På tysdags- og onsdagsturane våre har vi ofte med oss lokale kjentfolk. Mange tek kontakt og ønskjer at turlaget skal gå tur i deira nærområde.

Florø Skyssbåt AS er ein god samarbeidspart i samband med leige av båt til dei mange øyturane våre.

Turtrimmen er eit samarbeid med Folkehelsekoordinator i Flora Kommune. Flora Kommune har ansvaret for oppgradering av stiar i Brandsøyåsen og frivillige frå turlaget har jobba dugnad på dette prosjektet.



Flora Kommune sin årlege Fag og Fest der Turlaget stiller med turleiarar, årets tur til Flora Kommune si Dagsturhytte på Fløgen.

Vi har og eit godt samarbeid med Norddalsfjord Grendalag om støylsdag på Midtbøstøylen samt Hovdendagen med Hovden - Bareksta Grendalag.

Samarbeid med Kinnaspelet og tur med Barnas Turlag, samt samarbeid med Kinn kyrkjeleg fellesråd vedrørende hytta på Kinn.

Under arrangementet Våt moro stilte turlaget med turledarar til både Alden og Kinn. Indre Sunnfjord Turlag var medarrangør på Øyane Over i mai.

Turistinformasjonen informerer om våre turtilbod samt låner ut DNT-nøkkel til hytta på Kinn. I tillegg sel både dei og Norli Turbok for Flora, som vert gitt ut av Flora Turlag i 2016.

HYTTENE

Det er gjennomført ein kartlegging av det totale vedlikehaldsbehovet for hyttene i eigen rapport. Rapporten er lagt ut på Flora Turlag sine heimesider. Oppsummert er det eit totale vedlikehaldsbehovet minimum stipulert til kr 620.000. Det fortsett at ein må pårekna ca 800 timar dugnad.

Grytadalsbu:

Stengt.

Tilsynsman: Åge Herstad

Festekontakten for denne hytta går ut 31.12.2018. Der er dialog med grunneigar.

Blåbrebu:

Vanleg vedlikehald og tilsynsoppgåver.

Stigen til breen skal skiftast i samarbeid med Ålfotbreen Landskapsvernområde.

Tilsynsman: Stig Solheim.

Gjegnabu:

Det er gjennomført vanleg vedlikehald og tilsynsoppgåver.

Tilsynsmann: Martin Mettenes.

Kinn:

Vanleg vedlikehald og tilsynsoppgåver. Signe Nordvik og Marit Linda Espeseth er ansvar for dagleg drift. Tilsynsmann: Lasse Seim.

HYTTEBESØK

		18	17	16	15	14	13		18	17	16	15	14	13*
Grytadalsbu	Overnatting		21		21	15	17	Dagsbesøk		23			160	50
Gjegnabu	Overnatting	110	42	62	123	166	122	Dagsbesøk			25	7	7	7
Blåbrebu	Overnatting	106	63	95	**	104	42	Dagsbesøk	58	9	16		14	30
Kinn	Overnatting	175	168		216	25				99		40		
Totalt		391	294		360	310	181		58	131		47	181	87

*dagsbesøk er stipulerte tal.

** vi har ikkje lukkst med og få inn protokollane.

NATURVERNARBEID

Vi har hatt dialog om Ålfoten verneområde vedr utbering av stien frå Hope til Lavesteinen.

Turlaget har og gitt tilbakemelding høyringsutkast på besøksstrategi for Ålfoten

landskapsvernområde. I tillegg har turlaget følgt opp planarbeidet i Magnhildskaret/

Guleslettene i samband med etablering av veg og vindmøller i dette området.

DUGNAD

Hyttene: om lag 400 timar

Turleiiing/arrangement: om lag 1200 timar

Tysdags og onsdagsturar: om lag 600 timar

Torsdagsturar: 500

Lavterskelturar: 200

Møter og administrasjon: 500 timar

Facebook, heimesida/nettsida, UT.no og SjekkUT: 200 timar

Varding / merking / oppgradering Brandsøyåsen og Storåsen: 40 timar

TURLEIARAR

Desse har autorisasjon som turleiarar:

Vinterturleiar (Modul 1-4): Stig Solheim, Kjetil Tveranger og Kolbjørn Hovland

Sommarturleiar (Modul 1-3): Dag Eliassen, Alvdis Solvang, Terje Grøneng, Kari Nordvik

Hauge, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen og Kolbjørn Nybø

Grunnleggande (Modul 1 - 2): Sissel Strømmen, Trygve Nybø, Ane Eliassen, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sundal, Danckert Dankertsen, Arnt Hellevang, Sara Steine, Terje Heggheim, Siri Stavang, Idun Jansen, Siri Jansen, Anders Myklebust, Eilif Bjerck og Arnfrid Bergheim

Nærturleiarar: Toralf Otnes, Kristian N Berentzen, Laila Schönhardt, Terese Eikefjord, Ingrid Eikerol Bareksten og Gyda Folkedal

Turvenn: Hilde Bjerck Reksten og Astrid Breiland Eliassen

DNT-AMBASSADØRAR

Ambassadør (Modul 1): Kjetil Høidal, Hilde Bjerck Reksten, Fred Arild Grøneng, Kari-Anne Melvær Strømmen, Tine Marlen Kroppan Holvik, Pia Kathrin Ulriksen.



Vi vil rette ei stor takk til alle frivillige som gjer ein glimrande dugnadsinnsats for turlaget!

Siv Merete Stadheim
Styreleiar

Elisabeth Solheim
Nestleiar

Ane Eliassen
Kasserar

Sara Marie Ytreøy
Sekretær

Arnfrid Bergheim
Styremedlem

Anders Myklebust
Styremedlem